



Leiar Kristian Bringedal og dagleg leiar Knut Johannes Helvik med Målblomen 2009. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvinnherad Mållag har tildelt Målblomen 2009 til Kvinnherad Elektro og Expert Kvinnherad ved dagleg leiar Knut Johannes Helvik.

Utdelinga fann stad i samband med årsmøtet i Gamleskulen i Uskedalen måndag kveld og grunngevinga var at verksemda har eit gjennomtenkt og klart siktemål om å nytta nynorsk i alt skriftleg tilfang og i lysingar.

Mållaget rosar Kvinnherad Elektro og Expert for eit språkleg medvit som fortener heider og ros i ein bransje som i mange høve nyttar bokmål.

Dagleg leiar seier at det beste forsvaret for nynorsk er at ein nyttar eit noko konservativt ordval.

Helvik er også medviten på å få dei unge i firmaet til å nytta nynorsk og strekar under at det same gjeld for dei av medarbeidarane som kjem frå andre land.

Dette var ellefte gongen Målblomen vart utdelt.

Dette er eit tiltak for å motivera verksemdar og nynorsk til å nytta nynorsk i lysingar, marknadsføring og i alt skriftleg tilfang internt og mot kundar og brukarar.

Årsmøtet vedtok ei fråsegn til Kunnskapsdepartementet som blir beden om å syta for at det vert laga læremiddel i nynorsk for vaksne innvandrarar slik at dei kan få norskopplæring på nynorsk. Det blir peika på at Kvinnherad er ein nynorskkommune der alle skular er nynorskskular.

Også utanfor det offentlege står nynorsk sterkt som bruksmål og lokale media nyttar berre nynorsk.

Som mange andre kommunar hyser Kvinnherad nye landsmenn og -kvinner. Borna til desse for alle nynorskopplæring i skulen, men norskopplæringa til dei vaksne innvandrarane blir likevel gjeve på bokmål.

I fråsegna heiter det at dette er uheldig.

Representantar frå Husnes Mållag var inviterte til møtet for ei vidare drøfting av eventuell samanslåing av mållag i kommunen. Sjølv om det var fleire innlegg for ei samanslåing vart konklusjonen at ein i fyrste omgang skal freista med ei reorganisering på Husnes og eit samarbeid mellom mållaga.

Kvinnherad Mållag hadde ved årsskiftet 33 medlemmer og det var ein auke på 13 sidan året før. Auken var ikkje minst eit resultat av ei vellukka verving i samband med framsyninga av Vestlandsrevyen. Oppgava vert no å ta vare på medlemene og aller helst auka talet.

Heile styret vart attvald og i det sit leiar Kristian Bringedal, nestleiar Arne Sunde, kassastyrar Anna Ingeborg Bjørnebøle, styrelem Bente Soldal og skrivar Jorunn Toskedal medan Morten Nygård vart vald som varalem.

Nestleiar Arne Sunde ga etter årsmøtet eit interessant oversyn over utvandringa til Amerika. Rosendal-læraren har hatt to opphald i Sør-Dakota og arrangerer reiser til Midtvesten.

Av Ola Matti Mathisen